

Referat ungdomsrådsmøte

Dato: 22.03.23

Stad: Kommunestyresalen

Tilstades: Bjarte Notland Tjensvoll, Emilie Engseth Nyhammer, Emma Lillian Fimland, Ludvig Høyland Eidesvik, Lars Olav Eidesvik, Hannah Oliva Høgmo Breivik, Ingeborg Ervik Strand, Linnea Eiken, Eirik Nitter, Sofie Westre Søvik, Marianne Steinsvåg Tollaksvik, Thilde Brendeseter, Hannah Stokkenes-Jenkins og Lina Eidet.

Politisk fadder: Siv Linda Vespestad

Ressurspersonar: Lene Borgen Waage, Marianne Lidal, Elisabeth Grønnevik og John Henrik Stavland Sæter (referent).

Rapport Ungdom ved roret 2022 – brev til Kjersti Toppe om tilskotsordning

I rapporten Ungdom ved roret 2022 vert det vektlagt korleis Ungdomsrådet samarbeider med andre. I Um+X-rapporten vert det trekt fram at oppstartsseminaret er positivt og veldig viktig for ungdomsrådsarbeidet gjennom heile året.

Ungdomsrådet ynskjer å sende eit brev til Kjersti Toppe med spørsmål om det kan opprettast ei tilskotsordning for oppstartssamlingar for ungdomsråd, som alle kommunar kan søke på.

Ungdommens kommunestyre i Askøy vil også vera med på brevet. Ungdomsrådet ynskjer at koordinator utarbeidar eit forslag til brev som leiar/nestleiar kan godkjenne.

Det er levert abstract til årets folkehelsekonferanse. Der står det noko om det generelle ungdomsrådsarbeidet og litt om ALLEMED. Det vart trekt fram at det vil vere utfordrande å drive ungdomsrådsarbeidet slik ein ynskjer det når ein ikkje har midlar i samband med prosjekt Ungdom ved roret lenger.

I neste ungdomsrådsmøte vert det evaluering av ungdomsrådsarbeidet, med fokus på kva som vert viktig når ein går over til drift og ikkje er ein del av prosjektet Ungdom ved roret. Då vert alle som deltok på oppstartssamlinga inviterte.

Utsendingar til ungdommens fylkesting 14.-16.april

Bømlo ungdomsråd er inviterte til å delta med to deltagarar på ungdommens fylkesting 14.-16. april. Emma deltek som delegat frå Bømlo. Emilie og Thilde deltek i regi av Vestland ungdomsutval og Elevorganisasjonen. Ein av dei kan stille som delegat frå Bømlo i tillegg til Emma dersom ingen melder seg. (Merknad: I etterkant av møtet melde Sofie Søvik seg og vart dermed Bømlo sin andre delegat).

Deltaking seminar Kristiansand 2.-3. mai

Samlinga er i regi av Bufdir, KS og Frivillighet Norge. Tema for samlinga er ungdomsmedverknad og demokrati. Ungdomsrådet er inviterte til å halde eit innlegg. Bømlo ungdomsråd kan sende tre representantar. Det vart trekt lodd for å finna ut kven av dei som var interesserte i å delta i tillegg til koordinator og leiar som fekk vera med. Koordinator, leiar for ungdomsrådet og Emma deltek.

Felles møte med eldrerådet?

Ungdomsrådet ynskjer å ha eit fellesmøte med eldrerådet. Det er viktig å ha ein klar agenda og målsetjing med møtet. Kva har ein fellesinteresse rundt og kva område kan ein samarbeide på for å fremje fellesinteressene. 14.06. er aktuell dato.

Gjennomgang arbeidsgrupper

Møteplassar for ungdom og fritidsaktivitetar for alle

Ein del av gamle Bremnes ungdomsskule er tenkt bruk til lokale for møteplass for ungdom. Det vert lagt opp til at unge i målgruppa skal utvikle tilbodet i samarbeid med andre. Ungdomsrådet ved Hannah Oliva heldt innlegg i utval for levekår 21.03. Utvalet var positive til å bruke den gamle vaktmeisterbustaden i gamle BUS til dette føremålet. Ungdomsrådet og kommunen vil utarbeide ei pressemelding.

Ungdomsrådet ynskjer å invitere til open dag på gamle BUS der ein inviterer ungdom til å sjå bygget og kome med innspel.

I rapporten som ser på moglegheiter for bruk og rehabilitering av heile eller delar av eksisterande bygg vert det anbefalt gjenbruk av store delar av bygget. Ungdomsrådet har vore tydelege på at ein treng ein møteplass.

Det er fleire ressurspersonar som ungdomsrådet vil jobbe saman med i denne saka. Elisabeth Grønnevik, som er rådgjevar for kultur og idrett, vil vere ressursperson i arbeidet med etablering av ein møteplass. Har erfaring med drift av ungdomsklubbar og utvikling av anlegg. Marianne Lidal er aktivitetsguide og vil vere ressursperson i dette arbeidet. John Henrik Staveland Sæter er SLT-koordinator og vil kunne vere ressursperson i samband med trygge møteplassar.

Arbeidsgruppa til ungdomsrådet som jobbar for etablering av møteplassar har no eit lokale i gamle BUS som ein kan ta utgangspunkt i. Ungdomsrådet ynskjer å gå rundt i klassane og informere om kva ein har tenkt og invitere elevane til å delta på den opne dagen. Etter den opne dagen kan ein legge ut ein forms for å invitere alle til å kome med innspel.

I Bømlo kommune er ungdomsklubbane ein grunnmur. Målgruppa er 13-19 år. Målet er at alle skal kunne kome, anten om ein deltek i organiserte fritidsaktivitetar eller ikkje. Korleis kan ein gjere alderstilpassingar som skapar motivasjon over tid og korleis unge i både ungdomsskulealder og vidaregåande alder kjenner seg velkomne? Målgruppa for aktiviteten og kva innhaldet skal vere på enkeltdagar er viktige moment.

Ungdomsloftet ynskjer å utvide målgruppa si. Kanskje ungdomsloftet kan ha ein dag vekentleg i det nye lokalet der der tilsette i barne- og familietenesta kan vere til stades.

Det kom forslag om at ein kan ha ope to dagar for unge i ungdomsskulealder og ope for 16-19 år øvrige dagar. Når det er stort spenn så er det fare for at ein mistar nokon. Må legge til rette for at ein kjenner tilhørsle. Må tenke på korleis ein skal få med unge frå andre krinsar.

Ein kan arrangere idedugnad for ulike aldersgrupper for å få input til innhaldet. Kva tenkjer de at det er viktig å fylle denne plassen med? Kanskje ein kan invitere elevar frå Hillestveit og Moster for å kome og sjå på lokale og kome med innspel i samband med at dei er på Svartland i skuleregí? Det vart bestemt at ungdomsrådet inviterer til open dag tysdag 11.04. kl. 14.00-16.30. Det vil då vere opning for at unge i målgruppa kan kome og gå når det passar. Kan steike vaflar.

Det kom forslag om å henge opp plakat i kvart rom, der ein kan skrive ned innspel til kva ein kan fylle dei ulike romma i lokalet med. Ungdomsrådet kom med innspel på at det er ynskjeleg med kreativt verkstad.

Ten-sing treng lokale og er eit etablert tilbod. Kanskje ein kan tilby dei eit samarbeid rundt bruk av lokala? Det er viktig å tenke samarbeid.

Det er viktig å ha fokus på korleis skape trygge møteplassar. Kanskje ein kan arrangere ein debatt som tek opp korleis skape trygge og inkluderande møteplassar? Ungdomsrådet ynskjer å arrangere eit arrangement i tilknytning til dei nye lokalane og kanskje legge til rette for enkle aktivitetar på kulturneset, som volleyball, utover kvelden, i staden for eit stort arrangement med opning av kulturneset. Ungdomsrådet skriv ei pressemelding som kan sendast til alle skulane sine elevråd og lokalmedia.

Ein må få ungdomar som forpliktar seg til å vere med på oppussing av lokalane. Ungdomsrådet må organisere ulike grupper. Må tenkje på at ei aldersinndeling på open dag vil kunne ekskludere nokon frå å kome.

Det kom attendemelding frå fleire på at ein synest det er veldig bra at det skjer noko.

Kollektivtransport

Ungdomsrådet har hatt møte med Skyss. Der kom det fleire innspel på servicen i samband med busstilbod i kommunen. Skyss har særskilt fokus på dette. Ungdomsrådet kan fronte ein kampanje der ein trekk fram viktigheita av å melde avvik om ein har dårlege erfaringar knytt til service av busstilbodet.

Ungdomsrådet har gitt innspel på at ein ynskjer kveldsrute til Langevåg.

Psykisk helse

Ungdomsrådet har sendt spørsmål til Barne- og familietenesta som ein avventar svar på.

Det vil bli gjennomført ein samordna kampanje om psykisk helse. Ny frist er 1. april.

ALLEMED i fritidsaktivitetar

Eirik, Selma og Mats deltok på ALLEMED-konferansen i lag med representantar frå Løddingen. Deltakarane frå Bømlo heldt innlegg. Det var kjekt å vere med og lyfte fram ting ein har jobba med.

AmCar Bømlo har flytta inn i den gamle yrkesskulen på Rubbestadneset.

Budsjettkonferanse 30.mars

Ungdomsrådet ynskjer å gi innspel på at det er viktig å oppretthalde midlar til å drive ungdomsrådsarbeidet og at politikarane ser verdien av dette.

Ungdomsrådet ynskjer at det vert prioritert midlar til trygge vaksenpersonar på møteplassane som vert etablert.

Forslag debatt ungdomsrådet

Ungdomsrådet ynskjer å få til debattar på ulike stadar på Bømlo. Forslag om å gjennomføre tematiske møter på kvar skule. Alle ungdomsskulane og vidaregåande skule har debatt, men det blir ulike tema på dei ulike skulane. Kan ein ta opptak av debattane og publisere dei? Lurt med ei oversikt der det går fram når ulike tema kjem opp og kven som snakkar.

Samlar inn spørsmål

- 5 spørsmål frå kvar klasse gjennom elevrådet
- DM på insta til ungdomsrådet
- Via Bømlo-nytt?

- Prosess
- Tema i ungdomsrådet
- Vilde tek kontakt med rektorane
- Vilde tek kontakt med Bømlo-nytt

Neste møte i ungdomsrådet er 24.4